



Ytre Sogn Turlag

Årsmøte 2015- Protokoll

Sundag 22. november 2015 kl. 14:30-16:45

Myldrerommet på Solund skule, Hardbakke

FØR MØTET

Djeeo

Sogn og Fjordane Turlag v/Espen Brunn hadde ei økt med Djeeo Natursti. Tre lag deltok med mykje aktivitet, moro, våte sko og røde kinn. Tilbakemeldingane var at dette gjer vi gjerne igjen.

Turpass

Trekking av gevinstar for dei som hadde levert inn Turpass 2015 og gått minst 6 turar. Totalt 33 innleverte turpass.

Gevinstar

<i>Sekk:</i>	<i>Kristine Nicolaisen</i>
<i>Rumpetaske:</i>	<i>Miek Norman</i>
<i>Rumpetaske:</i>	<i>Astrid Breidvik</i>
<i>Hue:</i>	<i>Hege Hjartholm</i>
<i>Hue:</i>	<i>Kari Einen</i>
<i>Turborev:</i>	<i>Truls Einen Osland</i>
<i>Turborev:</i>	<i>Kristian Hjartholm</i>
<i>Opptur Kysten:</i>	<i>Trond Osland</i>

ÅRSMØTE

Wenche Midthun opna årsmøtet og ynskte velkomen.

1. Val av møteleiar

Vedtak: Wenche Midthun vart samrøystes vald som møteleiar.

2. Val av skrivar og 2 personar til underskriving av møteboka

Vedtak: Kari Einen vart samrøystes vald til å skrive møteboka.
Trond Osland og Ingrid Elvevåg vart samrøystes valde til å skrive under møteboka.

3. Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend utan merknader.

4. Godkjenning av sakliste

Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend utan merknader.

5. Opplesing og godkjenning av årsmeldingar

Wenche Midtun las opp Barnas Turlag Gulen si årsmelding. Grunna fråvær vart det litt færre turar enn planlagt. Dei turane som har vore arrangert har vore ein suksess, inkl. Kom-deg-utdagane. Det vart arrangert trefjellstur i samarbeid med YST. Årsmeldinga vil bli lagd ut på YST si heimesida.

Trond Osland las opp Barnas Turlag Solund si årsmelding. Rapport frå turane finn ein på Facebook.

Heile styret til YST Ung presenterte si årsmelding med tekst og bilete. Årsmeldinga vart også publisert på heimesida. *Merknad til ung årsmelding: Engesetstølen, solnedgangstur. Tveiteskaret og Søtekollen.*

Wenche Midtun las Ytre Sogn Turlag si årsmelding. BTG, YTS har 218 medlemmar, ein auke med 21 % frå 2014. Styret har hatt 8 styremøte. Årsmeldinga vart lagt ut på heimesida til YST.

Merknader: Nytt av året er friluftsskule 8- 12 år gjennomført på Litle Færøy i samarbeid med Kystkulturakademiet

Vedtak: Alle årsmeldingar vart samrøystes godkjende.

6. Godkjenning av rekneskap

Ron Overdevest gjekk igjennom rekneskapet og har kategorisert rekneskapet i subgrupper ved aktiviteter. Rekneskapsåret er frå 01. november til 31. oktober.

Resultatrekneskap vart gjennomgått. Alle som ynskjer å sjå resultatrekneskapet kan kontakte Ron for ei kopi.

Det vart notert at rekneskapet visar eit underskot på om lag 45.000 kroner. Underskotet er på grunn av at YST ikkje har henta ut alle tilskot organisasjonen har fått til ulike aktivitetar. Tilskota vil bli henta ut i løpet av neste rekneskapsår.

Vedtak: Rekneskapet for YST 2015 vart samrøystes godkjent.

7. Godkjenning av handlingsplan og budsjett

Wenche presenterte handlingsplanen for 2016.

- Turpasset skal vidareutviklast.
- Arbeidet med Ung (3 campar og turar) og Barnas Turlag fortset.
- Arrangere minst 2 ferskingkurs. Minst 1 av desse skal vere retta mot flyktningar. Espen Brunn informerte om kurset frå Sogn og Fjordane Turlag.
- Arrangere ambassadørkurs.
- Tilby medlemmar grunnleggande turleiarkurs frå Sogn og Fjordane Turlag.

- 2016 er familieåret med fokus på familiemedlemsskap. Styret skal arbeide med ei strategi for dette.
- Barnas Turlag i både Gulen og Solund vil starte opp med turpass.
- Det har kome innspel om onsdagsturar. Styret skal bl.a. vurdere om ein kan tenke denne aktiviteten i kvar skulekrins (der er 5 krinsar i YST).
- Ved seniorsatsing må det være lokalt arrangement.

Merknad /Forlag; Friluftsskulesatsing må fortsette + klatrekurs (23-24 jan) er det søkt midlar om + Aktivitetsleiarkurs for fleire

Ron presenterte budsjettet for 2016.

- Budsjettet vil sjå ut som 2015. Sjå vedlegg.
- YST må fortsatt jobbe for å få tilskot for sitt vidare arbeid.

Vedtak: Handlingsplanen og budsjettet for 2016 vart samrøystes godkjende.

8. Val av styre

Leiar for valnemnda, Jarle Nordgulen, leia valet.

Styret Ytre Sogn Turlag

Leiar:

Wenche Midthun vart attvald (1 år).

Styremedlemar:

Tor Arne Hauge	tek ikkje attval
Synnøve Solhaugen Engen	tek ikkje attval
Ron Overdevest	ikkje på val (1 år igjen)
Kari Einen	ikkje på val (1 år igjen)

Det var 2 framlegg frå valnemnda til nye styremedlemar: Erene Wilberg og Liv Brekken. I tillegg kom 1 benkeforslag til ny styremedlem: Mark Elvevåg.

Det vart skriftleg avstemming med fylgjande resultat:

Erene Wilberg – 11 røyster

Mark Elvevåg – 11 røyster

Liv Brekken – 4 røyster

Erene Wilberg og Mark Elvevåg vart valde som nye styremedlemar for 2 år.

Varamedlemar

1. vara	Linda Hantveit	tek attval, men som 2. vara
	Forslag til ny 1. vara:	Liv Brekken
2. vara	Kåre Wergeland	tek ikkje attval
	Forslag til ny 2. vara:	Linda Hantveit (attval)
3. vara:	Ida Grindland	tek ikkje attval
	Forslag til ny 3. vara:	Hege Lid Hjartholm

Liv Brekken, Linda Hantveit og Hege Lid Hjartholm vart valde som varamedlemar (alle på 1 år).

Barnar Turlag Solund

Trond Osland	ikkje på val – 1 år igjen
Ingvild Storøy	ikkje på val – 1 år igjen
Ingrid Elvevåg	ikkje på val – 1 år igjen
Steinar Tangen	tek attval – vald for 2 år
Anne Lerpold	tek ikkje attval

Forslag til ny styremedlem:

Gunn Marit Fossedal – vald for 2 år

Styret i Barnas Turlag Solund konstituerer seg på fyrste møtet.

Barnas Turlag Gulen

Monica Skjelanger Reknes	ikkje på val – 1 år igjen
Håvard Tveit	ikkje på val – 1 år igjen
Kari Furnes	tek ikkje attval
Gunnar Bøe	tek ikkje attval
Linn Dyveke Wilberg	tek ikkje attval

Forslag til nye styremedlemar:

Bodhild Håvåg – vald for 2 år

Rita Høydal Bøe – vald for 2 år

Hege Lid Hjartholm – vald for 2 år

Styret i Barnas Turlag Gulen konstituerer seg på fyrste møtet.

Revisorar

Revisorane er på val kvart år for 1 år.

Hildegunn Rutledal tek attval

Ragnar Mundal tek attval

Løypnemnda

Løypnemnda har ikkje vore fungerande.

Årsmøtet avslutta løypnemnda og tar det opp igjen dersom det vært aktuelt.

Årsmøtet takka fylgjande personar for deira innsats i YST og Barnas Turlag:

- **Anne Lerpold** fekk boka «Heilt ute» for lang og tro innsats i Turlaget og for å ha vore aktiv i oppstartinga av Barnas Turlag Solund.
- **Tor Arne Hauge** fekk ei bok om «kystliv» for innsatsen i YST sitt styre.
- **Linda Hantveit** og **Tor Arne Hauge** fekk boka «Eit liv ute» og ei jakke for sin enorme innsats i Ung-arbeidet. Det vært lagt merke til langt ut over fylkesgrensene.

9. Val av valnemnd

Valnemnda rullerar på 3 år med ein ny medlem kvart år. Jarle Nordgulen har vore medlem i valnemnda i tre år og tek såleis ikkje attval.

Ny leiar: Marit Gjersvoll (1 år igjen)

Vidare: Hans Gåsvær (2 år igjen)

Ny medlem: Tor Arne Hauge vart foreslått og vald på 3 år.

10. Turlaget sitt utstyr, oppbevaring/system

Wenche informerte om at YST har mykje utstyr. Det vil bli laga ei liste på kva organisasjonen har og kva ein kan låne ut. Lista vil bli lagd ut på heimesida. Det kom innspel på at ein kan bruke ein lukka hengar for å oppbevare utstyr.

11. Program med turar og aktivitetar i 2016

Årsmøtet inviterer medlemar å kome med forslag til turar og aktivitetar for 2016. Send innspel på e-post eller på Facebook.

Ymse som og vart diskutera

Barnas Turlag Hyllestad

Barnas Turlag Hyllestad har kontakta YST og spurt om det er mulig for Hyllestad å søke om å komme inn under YST. Barnas Turlag Hyllestad v/Leiar Katarzyna Lylund informerte om BTH sitt arbeid. Årsmøtet gav YST sitt styre i oppgåve å utgreia ein eventuell samanslåing til neste årsmøte. BTH må fyrst sende ein søknad til styret i YST.

YST-prisen

Det kom forslag om å opprette Ytre Sogn Turlag-prisen. Prisen skal gå til ein person eller ein gruppe som har gjort ein ekstra innsats for friluftslivet lokalt. Prisen skal delast ut etter vurdering, dvs. det blir ikkje nødvendigvis kvart år.

Vedtak: Årsmøtet vedtok å opprette prisen og gav styret i oppdrag å be Magne Hamre designe prisen.

Skrivar
Kari Einen

Ingrid Elvevåg

Trond Osland